

Årdal kommune

► **Kommuneplan 2021 - 2033**

Arealdelen

Framlegg til planprogram

Oppdragsnr.: 5207438 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04 Dato: 2021-08-10



Kommuneplan 2021 - 2033

Arealdelen

Oppdragsnr.: 5207438 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04

Kommune: Årdal kommune
Kommunedirektør: Stig Stark-Johansen
Utarbeidd av: Utval for tekniske tenester og samfunnstryggleik

J04	2021-08-10	Justert etter høyring av planprogrammet.	JoHM		
J03	2021-03-03	Justert iht. tilbakemelding frå Utval for tekniske tenester og samfunnstryggleik i møte den 3. mars 2021.	JoHM		
A02	2021-02-22	Justert iht. administrative tilbakemeldingar.	JoHM		StSJ
A01	2021-02-01	For gjennomgang av kommunedirektøren.	JoHM		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

► Forord

Årdal kommune vedtok arealdelen av kommuneplanen den 14.06.2012 i sak 059/12. Planføresegnene blei justert seinare, i sak 006/15 den 12.02.2015. Ved utarbeiding av planen i 2012 vart det lagt til grunn ein vekst i folketallet på 600 innbyggjarar. Fokuset for arbeidet var å klargjere funksjonsdeling mellom dei to tettstadane, avgrense sentrumsområda med stimulering til fortetting/omdanning og sikring av næringsareal som ivaretok langsiktig utviklingsbehov (30 årsperspektiv).

Evalueringa av vedteken plan har synt at planen har vore eit godt styringsverktøy som legg rammene for ei miljøbasert og berekraftig utvikling, med få konfliktfylte fråviksaker. Fråviksakene er knytt til manglande plangrunnlag og/eller plangrunnlag som er mellom 10 og 50 år.

Formålet med dette planarbeidet er:

- Integrering av Nasjonalparkkommune som premiss for arealbruksstrategiane i kommuneplanen.
- Forsterke fokuset og merkemda om vidare berekraftig sentrums- og tettstadsutvikling, samt fleksibel og effektiv bruk av omdisponert næringsareal.
- Legge til rette for vidare utvikling i grenda Naddvik/Vikadalen.
- Legge til rette for vidare fritids- og reisemålsutvikling som bygger opp om Årdal si sentrale plassering på grensa mellom Aust- og Vestlandet med kort avstand mellom fjord og fjell.
- Ivareta samanhengen mellom utbyggingspolitikken og arealpolitikken.

I samsvar med § 6 i forskrift om konsekvensutgreiingar skal det utarbeidast og fastsettast planprogram. Planprogrammet skal leggjast til grunn ved utarbeiding av planframlegg med ev. konsekvensutgreiing. Planprogram skal utarbeidast sjølv om det på tidspunktet for oppstart av planarbeidet er usikker om revisjonen vil føre til endra arealbruk.

Formålet med planprogrammet, dvs. dette dokumentet, er å sikre medverknad og samråd om situasjonen i dag, informere om kva som er formålet med planarbeidet, klargjere aktuelle alternativ/kor det skal utviklast alternativ og avklare plan- og vurderingsbehovet som planarbeidet reiser. Dette planprogrammet skal vere med å sikre ein føreseieleg og effektiv prosess.

Utarbeiding/handsaming av kommuneplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing, medfører at:

- Planprogrammet skal avklare om og kva tema/spørsmål som skal utgreiast ved utarbeiding av planen.
- På bakgrunn av fastsett planprogram skal kommunen utarbeide planframlegg med ev. utgreiingar. Planframlegget skal leggjast ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Med utgangspunkt i høyringsutkastet med tilhøyrande konsekvensutgreiing og høyringsuttaler slutthandsamar kommunen planframlegget. Det er kommunestyret som vedtek revidert plan.

Planprogrammet er utarbeidd av Utval for tekniske tenester og samfunnstryggleik i Årdal kommune.

► Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Formålet med planarbeidet	5
1.2	Årdal – Nasjonalparkkommunen	6
1.3	Årdal – sårbart samfunn	6
1.4	Kort om vedteken plan	7
2	Føringar og mål	8
3	Arealsituasjonen og behov for endringar	9
3.1	Sentrums- og tettstedområda – utbyggingsmønster og kommunikasjon	9
3.1.1	<i>Årdalstangen og Seimsdalen</i>	9
3.1.2	<i>Øvre Årdal og Utladalen</i>	11
3.2	Areal til næring og tenesteyting	12
3.3	Grendene – Naddvik/Vikadalen og Offerdalen	15
3.4	Fjellområda – berekraftig utviking av hytte- og fritidstilbodet	15
3.5	Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttig formål	17
3.6	Naturbasert sårbarheit	19
3.7	Samanhengen mellom areal- og utbyggingspolitikken til kommunen	19
3.8	«Oppdukkande» prosjekt	20
4	Innhaldet i revidert kommuneplan	21
4.1	Nasjonalparkkommunen Årdal - velfungerande, attraktive og næringsvenlege tettstader og grender	21
4.2	Justeringar innanfor sentrums-/tettstedområda og næringsareal	21
4.3	Utvikling av fritids-/hytteproduktet med fokus på Seimsåsen og Tydedalen	22
4.4	Grenda – Naddvik/Vikadalen	22
4.5	Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttig formål	22
4.6	Areal- og utbyggingspolitikken til kommunen	23
4.7	Konsekvensutgreiing	23
5	Medverknad/høyring og framdrift	25

1 Innleiing

Årdal har dei siste åra hatt ein svak auke i tal arbeidsplassar. Folketalet har over tid vore prega av nedgang frå vel 7.500 innbyggjarar på 70-talet, til at kommunen nærmar seg 5.000 innbyggjarar. Eit viktig fokus for arbeidet er attraktiviteten til Årdal slik at fleire vel å busette seg. Dette er det sett særskilt fokus på i arbeidet med revisjon av samfunnsdelen. Arbeidet er samordna med revisjon av samfunnsdelen, med ei arbeidsdeling der samfunnsdelen gjev mål og strategiar, medan arealdelen legg rammene for framtidig bruk av areala i kommunen.


1.1 Formålet med planarbeidet

Arealdelen skal ta opp i seg og vere eit viktig verkemiddel for å sikre at dei arealmessige behova vert ivareteke. Kommunen har gjennom samfunnsdelen som vart vedteken i 2019 og det identifiserte endringsbehovet, lagt vekt på at Årdal kommune som bu-, arbeids- og besøkskommune skal tuftast på omsyna til berekraft/miljø. Dette vert ytterlegare framheva gjennom at kommunen no er blitt Nasjonalparkkommune.

Satsingsområda/strategiar som forsterkar dette er føresett å verte integrert i den reviderte samfunnsdelen. Arealmessig leiar satsingsområda til ein areal- og transportstrategi som koplar saman dei justerte satsingsområda og gjev god kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen med føringar (føresegner)/strategiar for framtidig vern og bruk av areal. Dette er omsyn som er føresett ivareteke gjennom detaljplanlegging, særskilt innanfor tettstodområda.

Strategien skal fremje utviklinga lokalt samtidig som kommunen definerer sin plass og rolle i både lokal og regional samanheng, der ein vender seg mot dei andre kommunane i Sogn/Vestland og Valdres. Justeringane i samfunnsdelen som er knytt opp mot statusen som Nasjonalparkkommune vil forsterke fokuset på miljø/klima og berekraftig utvikling, noko som vil gje viktige føringar for vidare detaljplanlegging.

Vidare er det ein føresetnad at planen skal vere fleksibel og robust slik at den toler utvikling over tid, der sambruk og bruk av omdisponert areal vert prioritert framfor nedbygging/forbruk av nytt areal.



Figur 1.1: Oppbygginga og samanhengen mellom samfunns- og arealdelen av kommuneplanen.

Hovudutfordringa og spørsmåla er knytt til:

- Integrering av Nasjonalparkkommune som premiss for arealbruksstrategiane i kommuneplanen.
- Ivareta viktige omsyn til sentrums- og tettstadsutvikling gjennom trygging av naudsynt areal til bustad, nærings-/industriareal og offentleg areal, samt gjennomgang av føresegnene og utviklingsstrategiane for å trygge effektiv arealbruk og handsaming av tiltak.
- Legge til rette for spreidd utbygging og opne opp for ei næringsutvikling som bygger opp om vidare utvikling av landbruket.
- Legge til rette for vidare fritids- og reisemålsutvikling som bygger opp om Årdal si sentrale plassering på grensa mellom Aust- og Vestlandet med kort avstand mellom fjord og fjell.
- Innarbeide strategi for både intern og ekstern kommunikasjon som bygger opp om berekraftig arealbruk og «smart» mobilitet.
- Sette av areal til deponi som gjer at overskotsmassar kan nyttast på ein samfunnsmessig god måte.
- Ivareta samanhengen mellom utbyggingspolitikken og arealpolitikken med innarbeiding av strategi for handtering av «oppdukkande» prosjekt.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen vil måla og vegvala som vert fastsett, legge viktige premissar for arbeidet med arealdelen. Desse vil supplere det ovannemnde endringsbehovet.

1.2 Årdal – Nasjonalparkkommunen

Årdal har status som er Nasjonalparkkommune som er direkte knytt til Jotunheimen nasjonalpark. Nasjonalparkane er rekna som det flottaste vi har av natur. Den skal gje oppleving og bli tatt vare på. Merkevara Norges nasjonalparkar skal bidra til å auke bruken på ein berekraftig måte. Fokusområda er verdiskaping (økonomisk, kulturell, sosial og miljømessig), forvalte tilreisande og styrke vernet. Kommunen skal aktivt legge til rette for tilreisande som vil oppleve nasjonalparken og områda rundt, og har forplikta seg til å ta vare på dei natur- og verneverdiane som er knytt til desse områda. Dette er føresett følgt opp gjennom detaljplanlegging samt den løpande handsaminga av søknader om gjennomføring av tiltak som ei oppfølging av kommuneplanen.

Allereie i 2012 forankra Årdal kommune kvalitetane knyt til Jotunheimen nasjonalpark i arealdelen. Tilsvarande vart òg gjort for Utladalen landskapsvernområde, Kvitingmorki naturreservat, samt Eldegard og Morka/Koldedøla med Vettisfossen naturminne. Lykkja Naturreservat vil på tilsvarande vis verte avsett som omsynssone.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er forvaltingsmyndigheit for nasjonalparken og landskapsvernområdet, og Statsforvaltaren er forvaltingsmyndigheit for naturreservatet. Verneforskriftene legg føringar for bruken av naturen, samstundes som den unike naturen er ein stor verdi og ressurs for både innbyggjarar og tilreisande.

1.3 Årdal – sårbart samfunn

Årdal er eit av dei mest sårbare kommunane i Noreg. I ei nasjonal analyse og i ei analyse gjort av Vestland fylkeskommune tronar Årdal på toppen. Årsaka ligg i hovudsak i den einsidige næringsstrukturen og få stabile statlege arbeidsplassar. Samtidig er Årdal eit svært kompetent samfunn. I «Kommune-NM», der NHO årleg rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft, fekk Årdal femteplassen innan kompetanse. Denne kombinasjon av sårbarheit og kompetanse ligg bak ynskje om å sikre og auke tal statlege arbeidsplassar. Kommunen har difor alt etablert eit prosjekt for å kome vidare med dette arbeidet. Arbeidet

vil verte følgt opp gjennom strategiane som vert bygd inn i forhold til utviklingsstrategiane for sentrums- /tettstadsområda og dei ulike næringsareala i arealdelen. Utgangspunktet vil vere utviklingsmål i samfunnsdelen.

Årdal er sårbart næringsmessig, men dei fysiske tilhøva vert stadig betre. Det er starta arbeid med sikring av fylkesvegen mellom Årdalstangen og Naddvik. Innan kort tid skal fire tunnelar utbetrast på strekninga mellom Steggjetunellen og Timreskredtunnelen. Det største prosjektet som no pågår er utviding av tunnelen mellom Årdalstangen og Seimsdalen – som har ei kostnadsramme på vel 200 millionar kroner. På veg opp fjellet frå Øvre Årdal mot Sletterust er det utført ei vesentleg utbetring med ny tunnel ved Ljoteli.

Betre Samferdsle-samband legg til rette for tettare samarbeid mot Vang/Valdres. I tillegg er det viktig å følgje opp fokusområda der Sogn Regionråd særskilt ser på moglegheitene for samarbeid mot Hardanger som har ein næringsstruktur med jordbruk, reiseliv og industri som har sterke fellestrekk med det ein finn i Årdal/Sogn. Dei samfunnsmessige endringane med danning av styrka regionar, gjer det særskilt viktig at både Årdal finn sin plass i regionen, samtidig som samarbeidet og regionen vert styrka.

1.4 Kort om vedteken plan

Vedteken kommuneplan er overordna og strategisk. Den har eit langt tidsperspektiv og legg til rette for langsiktig utvikling av byggeområda i kommunen, der det var føresett ein vekst i folketallet på 600 innbyggjarar.

Fokusområde i planen frå 2012:

- Vidare utvikling av tettstadane med avgrensing av sentrum/tettstadsområda supplert med strategi for kommunikasjon (miljøalternativ).
- Avklare grensa for sentrumsområda, samt sikre areal til privat service og offentleg tenesteyting, bustad og tettstadutvikling (næring).
- Sikre tilgang til arealkrevjande næringsareal som skulle ivareta langsiktige utviklingsbehov (30-årsperspektiv).

Arbeidet med den kommunale planstrategien og samfunnsdelen i 2019 har klarlagt følgjande planbehov:

- Handsaming; Mange gamle reguleringsplanar med behov for justering av rammene i høve grad av utnytting, sikring av viktige samband/grøntområde, samt omsynet til klimautfordringane/naturbasert sårbarheit som bl.a. er knytt til skred/flaum/stengde vegar. Grunntilhøva er dessutan dårleg dokumentert.
- Oppfølging av utviklingsstrategiar; Det har synt seg å vere krevjande å få utarbeidd områdereguleringsplanane i Vikadalen/Naddvik, Seimsåsen og areal innanfor sentrumsområda. Både utviklingsstrategiar og bruk av verkemiddel (planbehov) må vurderast.
- Årdal som arbeids- og bukommune; Det er starta eit prosjekt der det er mål om å etablere 100 nye statlege arbeidsplassar innan 2025. Dette må følgjast opp med ei vurdering av om det er naudsynt med arealbruksendringar, endra bruk av eksisterande område og/eller omdisponering av nytt areal.
- Årdal som besøkskommune/reisemål; Satsinga reiser ei rekkje spørsmål som må drøftast både i forhold til utvikling innanfor tettstaden, i grendene og for fjellområda med utnytting av ressursar og potensial for utvikling av fritidsprodukt/hytter der ein utnyttar både nærleiken til natur/kulturkvalitetane og Valdres.

Svært mange av reguleringsplanane i kommunen er mellom 10 og 50 år. Desse må gjennomgåast. Gjennomgangen kan få innverknad på planbehovet.

2 Føringar og mål

Både framlegget til kommunal planstrategi og planprogrammet for arbeidet med revisjon av samfunnsdelen er på høyring. Arbeidet med revidert samfunnsdel er starta og vil vere ei viktig plattform for dette arbeidet. Både regional og nasjonal politikk løftar fram dei 17 berekraftsmåla til FN som grunnlag for samfunnsutviklinga og planlegging. Utviklingsplanen til Vestland skal syne kva lokale moglegheiter dei globale berekraftsmåla kan gje oss. Dei er spissa mot verdiskaping, klima og miljø, lokalsamfunn og deltaking. Både FN sine berekraftsmål, nasjonale forventningar og regionale mål og føringar dannar viktige føringa for arbeidet med samfunnsdelen. Mål og strategiar i samfunnsdelen vil igjen danne grunnlaget for justert arealbruk og nye utviklingsstrategiar i arealdelen.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen er det særskilt fokus på at Årdal dei siste åra har hatt ein svak auke i tal arbeidsplassar. Folketalet har over tid vore prega av nedgang i talet på innbyggjarar. Dette har gjort det naudsynt med eit sterkt fokus på attraktiviteten til Årdal slik at fleire vel å busetje seg i kommunen.

Andre lokale problemstillingar som er sett på dagsorden i samband med revisjon av samfunnsdelen, og som vil gje konkrete føringar for arbeidet med arealdelen med tilhøyrande utviklingsstrategiar i arealdelen, er:

- Årdal som nasjonalparkkommune – korleis utnytte dette positivt
- Årdal som miljøkommune – kva for styrkar kan vi vidareutvikle
- Årdal vidaregåande skule – opningar for framtida
- Fylkesveg 53 – korleis styrke samferdsla inn og ut av kommunen
- Nye Vestland – større avstand til fylke, kan krevje andre strategiar
- Ny regionalplan for Sogn – kommune- og regionreform – korleis samarbeide og kva
- Bustadstrategiar – følgje opp tidlegare prosjekt
- Seimdsalstunnelen – for sterkare samankopling internt i kommunen
- Omdømmebygging – korleis styrke omdømme
- Økonomiske utfordringar – kva for moglege grep ser vi for auka handlingsrom

Mål og føringar i revidert samfunnsdel som har direkte innverknad på arealbruken vil verte samanstillt i planomtalen og danne grunnlaget for framtidig arealbruk/arealbruksstrategiar. I tillegg vil samfunnsdelen innehalde eir rekke kvalitative mål som ikkje er retta direkte mot arealbruk, men som er viktige for utviklinga av tenestetilbodet og retta mot bl.a. pleie og omsorg, grunnskule, barnehage og kommunaltekniske anlegg.

3 Arealsituasjonen og behov for endringar

Flatevidda på kommunen er 978,7 km². Årdal er ein fjellkommune, der 712 km² ligg over 900 moh. Topografien er kontrastrik. Landskapet er bygd opp av fjord- og dalsystem, som endar i eit alpint tindelandskap lengst aust. Årdalsfjorden er det mest sentrale dalføret i kommunen, som går vidare i Årdalsvatnet og Utladalen. Til hovuddalføre munnar dei mange sidedalane ut, som t.d. dalane Vikadalen, Seimsdalen, Berdal, Fardal, Tyedalen, Moadalen og Avdal.

Kommunen er tydeleg prega av å vere ein industrikommune. Den viktigaste naturressursen i kommunen er vasskrafta. Mange av vassdraga er bygd ut.

3.1 Sentrums- og tettstadsområda – utbyggingsmønster og kommunikasjon

Årdal er eit samfunn med kontrastar. På den eine sida har ein storindustrien medan ein òg har velstelte gardar ved fjorden, elvar og innsjøar.

Kommunen har to tettstadar, Øvre Årdal og Årdalstangen. Den største tettstaden er Øvre Årdal. Omtrent 90% av innbyggjarane i kommunen bur i desse tettstadene. Resten av befolkninga er busett i Seimsdalen, Utladalen og Naddvik.

Landskapsromma og dei naturgjevne føresetnadene avgrensar tettstadene. Dette har gjeve som resultat tettstadar der industrianlegga er dominerande element. Samtidig er areala i tettstadane nytta relativt arealintensivt.

Arealtilgangen innanfor tettstadene er difor avgrensa. Avstanden mellom dei ulike funksjonane er kort. Tilhøva for utvikling av framtidig velfungerande fotgjengarsamband og sykkelvegnett er gode. Samtidig medfører den avgrensa tilgjenga på areal at ein må vere spesielt merksam på korleis ulike funksjonar vert lokalisert i forhold til kvarandre og kva krav som vert stilt til t.d. parkar/grøntareal, variert uteoppholdsareal og parkering, samt organisering av parkering i og ved sentrum.

Vedteken plan legg til grunn følgjande strategi for å stimulere til ei utvikling med fokus på gang-/sykkeltrafikk:

- Forbetring av mjuke samband for trygging av korte samband mellom ulike funksjonar.
- Vidare utvikling av gaterommet for menneska.
- Alternativ mobilitet vert fremja.


Fv. 53 er ei viktig kommunikasjonsåre både vestover mot Sogndal/Bergen og austover over Filefjell til Oslo-området. I tillegg er det sommarveg nordover gjennom Fardalen til Jotunheimen.

3.1.1 Årdalstangen og Seimsdalen

Arealbruken på Årdalstangen er prega av blanda og samansett arealbruk med stort innslag av kontorarbeidsplassar. I sentrum ligg fabrikklokala aust for hovudgata som leidar ein til dei offentlege funksjonane og handelsområdet. Bustadområda omkransar sentrum i aust og nordvest. Desse områda er prega av einebustader og tomannsbustader/rekkehus.

Årdalstangen som eit utviklingsområde med fokus på urbanisering av strandsona, der funksjonane bu, offentleg service samt næringsvegane industri og reiseliv vert prioritert. På Årdalstangen skal det sikrast areal til ny bygningsmasse for helse og omsorg, samt statlege arbeidsplassar. Desse funksjonane er føresett

lokalisert innanfor grensa av eksisterande sentrums-/tettstadsområde eller på utfyllingsområde i Årdalsfjorden/Årdalsvatnet (sjå punkt 2.4).



Figur 3.1: Oversiktskart som syner utviklingsareala i vedteken plan med utviklingspotensiale som ikkje er utnytta merka 1, 2 og 3, samt nytt areal som vert vurdert omdisponert merka 3 og 5.

Tabell 3.1: Oversikt med status for areal omdisponert i 2012 og nytt areal som vert vurdert omdisponert.

Område	Namn	Kommentarar
1	Sjøfronten på Årdalstangen	Trafikkområde, park og areal i sjø som er føresett tilført urbane sentrums-kvalitetar. Det skal leggest til rette for fornying av eksisterande bygningsmasse, fortetting og utbygging på leiding areal, vidareutvikling av uteoppholdsareal/park, samt leggest til rette for parkering. Arealet vart vidareført til utbygging i 2012.
2	Lægreid	Gartneritomta på austsida av anlegget til Hydro og Fv. 53. Området er på vel 15 daa og er sett av til bustadbygging i gjeldande kommuneplan.
3	Lægreidvassbugen	Areal som vert vurdert som deponi for tunnelmassar. Etterbruk kan vere utviklingsområde for vidare tettstadutvikling med friområde og offentleg tenestetilbod. Areala på land er regulert til naust, veg og friområde. Vatnet er i kommuneplanen sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag. Avlaupsleidning mellom Farnes og Årdalstangen er lagt i djupålen. Det vert teke ut prosessvatn frå vatnet. Sør for fylkesvegen er det etablert bustadområde.
4	Lysna	Området er på om lag 50 daa og er lokalisert mellom etablert bustadområde på dyrka mark. Arealet vart omdisponert til utbygging i 2012. Utbyggingspotensialet er avgrensa som følgje av skredfare.
5	Årebru	Området er dyrka mark som vert teke i bruk til anleggsområde under arbeidet med Seimsdalstunnelen. Arealet er på vel 8 daa og vert vurdert som eit mogleg framtidig område med offentlege tenestetilbod/bustadar.

På plankartet er det behov for å justere grensa for småbåthamna i Saltviki i samsvar med noverande bruk samt sette av ankringsområdet i fjorden ved kaia til Hydro.

I Seimsdalen er det etablert fleire bustadområde og offentlege areal. Det er mange ledige bustadtomter. Gjennomgang av situasjonen syner at det ikkje er behov for å legge ut nye utbyggingsareal til bustad eller endre noverande bruk i Seimsdalen. Område på Årebru vil vere vurdert omdisponert til framtidig område med offentlege tenestetilbod/bustadar. Området vert mellombels brukt som anleggsområde.


Grensa for utbyggingsområda på Årdalstangen og i Seimsdalen vil verte tilpassa/justert i forhold til dei etablerte skredsikringstiltaka og tilgjengeleg kunnskap om naturfare i nasjonale databasar.

3.1.2 Øvre Årdal og Utladalen

I Øvre Årdal er det satsa på utvikling av privat service for å sikre eit handelstilbod i kommune. Elva Utle renn gjennom tettstaden og dannar skiljet mellom delen i nordaust som er prega av dei store industriareal og den sørvestre delen som er prega av handel, offentlig service og idrettsanlegg. Både aust og vest for Utle er det etablert bustadområde.

Det er større variasjon i typen bustader i Øvre Årdal, der ein finn einbustader, rekkehus og lågblokker i same området. I Øvre Årdal skal det sikrast areal til ny bygningsmasse for statlege arbeidsplassar. Desse funksjonane er føresett lokalisert innanfor grensa av eksisterande sentrums-/tettstadområde.

Utladalen er ein viktig hovudinnfallsport til Jotunheimen og som nasjonalparkkommune ønskjer Årdal kommune å legge godt til rette for dei besøkande i nasjonalparken.



Figur 3.2: Oversiktskart som syner utviklingsareala i vedteken plan med utviklingspotensiale som ikkje utnytta merka 1, 2, og 3, samt nytt areal som er regulert og delvis bygd ut merka 4 og 5.

Tabell 3.2: Oversikt med status for areal omdisponert i 2012 og nytt areal som vert vurdert omdisponert.

Område	Namn	Kommentarar
1	Farnes sentrum	Sentrum er definert som utviklingsområde, der ein ønskjer at ledig areal vert bygd ut. Som ein del av utviklinga skal det takast vare på grøntområde og uteopphaldsareal.
2	Gartneritomta	Området er lokalisert inn til Storevegen i Farnes. Det er flatt, med fleire bygg som femnar om bustad, gartneri og landbruksbygg. Det er sett av til bustadbygging i gjeldande soneplan. Arealet vart omdisponert til utbygging i 2012.
3	Årdalsvatnet	For å vende sentrum i større grad mot vatnet vart det i 2012 lagt til rette for om disponering av næringsareal til tettstad for etablering av tenestetilbod med ev. bustader. Grunntilhøva på tomta er utfordrande. Arealet vart omdisponert til utbygging i 2012.
4	Hydroparken	Parkbelte ved Hydro sitt anlegg er omdisponert gjennom reguleringsplan til forretning/næring. Kommuneplanen må justerast i samsvar med bruken i vedteken reguleringsplan frå 2016.
5	Vee	Næringsareal som vart regulert i 1999. arealet er bygd ut med til næring/byggevere.

I Utladalen er det stort sett bustadområde og industri. Utfordringane er hovudsakleg knytt til vurdering av framtidig bruk av omdisponert areal og justering av grensa mellom utbyggingsområde og samanhengande urørte områder, samt ivaretaking av omsynet til naturbasert sårbarheit.

Det vil verte vurdert om det av omsyn til flaumfare eller naturmangfald langs Utle er behov for å tilbakeføre/omdisponert areal frå byggeområdet til LNF-område. Grensa for utbyggingsområda i Øvre Årdal og Utladalen vert justert slik at skredsikringstiltak vert liggande innanfor noverande område sett av til bygg og anlegg.

3.2 Areal til næring og tenesteyting


Utbyggingsmønsteret er tydeleg prega av kontrastane i målestokk mellom dei areal- og transportkrevjande næringsareala med fabrikklokale, sentrum med privat og offentleg service og buområda med lågblokk og småhus.

Den kommunale strategien for utvikling av bedriftsproduktet femnar om:

- vidare satsing på industri, og
- nyetablering av verksemder med arbeidsplassar offentlege/statlege arbeidsplassar (for kvinner).

Gjennom revisjonen i 2012 vart det sikra tilgjengeleg areal til arealkrevjande næringar. Dette er gjort gjennom kartlegging av omdisponert leiding areal og sikring av framtidig areal. Gjennomgang av eksisterande areal har synt at det kan vere behov for justering av grenser, både for å gjere arealet betre eigna, samtidig som ein søkjer å ivareta omsynet til naturbasert sårbarheit (flaum/skred). Dette er justeringar som er føresett gjort gjennom arbeid med reguleringsplan.

Areal til tenesteyting er føresett løyst innanfor dei avsette sentrums- og tettstodområda.




Figur 3.3: Oversiktskart som viser utviklingsareala i vedteken plan med utviklingspotensiale som ikkje utnytta merka 1- 7, samt framlegg til nytt areal merka 8.

Tabell 3.3: Oversikt med status for areal omdisponert i 2012 og nytt areal som vert vurdert omdisponert.

Område	Namn	Kommentarar
1	Moa	Tomtetilhøve: 50 daa. Vert nytta som grustak. Aktuelt for ulike former for industri. Planstatus: Noverande råstoffutvinning. Infrastruktur: Etablert 2-feltsveg til tomta.
2	Sødebergtomta	Tomtetilhøve: 50 daa. Tidlegare nytta som industriområde. Aktuelt for ulike former for industri/næring. Planstatus: Noverande industri. Infrastruktur: Etablert 2-feltsveg til tomta. Vatn: God og sikker vassføring. Energitilgang: God.
3	Grustak vest	Tomtetilhøve: 10 daa. Nytt som grustak og betongproduksjon. Aktuelt for ulike former for industri. Planstatus: Noverande industri. Infrastruktur: Etablert 2-feltsveg til tomta. Vatn: God og sikker vassføring. Energitilgang: God.
4	Austside likerettaranlegg	Tomtetilhøve: 10 daa. Aktuelt for ulike former for industri. Areal som ikkje vert nytta. Avgrensa utvidingsmoglegheiter. Planstatus: Noverande industri. Infrastruktur: God vegtilkomst for store køyretøy (2-feltsveg) Vatn: Nær tilgang til god og sikker vassføring. Energitilgang: God.
5	Moa	Tomtetilhøve: 20 daa. Aktuelt for ulike former for industri. Fylt opp med massar. Planstatus: Noverande industri. Infrastruktur: Tilkomst

		fram, men 700 meter til 2-feltskøyreveg. Vatn: Må sikrast. Energitilgang: God.
6	Lykkja	Tomtetilhøve: 20 daa. Lettare industri og lager. Planstatus: Noverande næring. Infrastruktur: 2-feltskøyreveg. Område vil verte redusert/tilpassa Lykkja Naturreservat.
7	Øygarden	Tomtetilhøve: 20 daa. Lettare industri og lager. Planstatus: Noverande næring. Infrastruktur: 2-feltskøyreveg.
8	Vee	Tomtetilhøve: 20 daa. Lager og mellomlager av reine massar i forlenging av etablert metalldeponi. Planstatus: LNF-område. Infrastruktur: Veg gjennom tettstad-/bustadområde.



Figur 3.4: Oversiktskart som viser utviklingsareala i vedteken plan med utviklingspotensiale som ikkje er utnyttede merka 1-2, samt område i Vikadalen merka 3.

Tabell 3.4: Oversikt med status for areal omdisponert i 2012.

Område	Namn	Kommentarar
1	Loi	Tomtetilhøve: 35 daa. Området grensar til skytebane som kan vere eit utvidingsareal. Kraftleidning går gjennom området. Sterkt skråande og utfordrande tomt. Planstatus: Regulert til lager, massedeponi og fareområde. Infrastruktur: Etablert 2-feltsveg fram til tomta. Vatn: Ikkje tilgang til offentlig vatn. Energitilgang: Føresetnad for god tilgang. Skredfare må avklarast. Området vert vurdert utvida mot nord med ca. 20 daa.

2	Finnsåstunnelen	Tomtetilhøve: 15 daa. Området grensar til industriareala på Årdalstangen. Vert nytta som massedeponi. Ikkje ført opp bygg. Planstatus: Noverande industri. Infrastruktur: Etablert 2- feltsveg til tomta. Vatn: Ikkje ført fram til tomt. Energитilgang: Føresetnad for god tilgang. Skredfare må avklarast.
3	Vikadalen	Tomtetilhøve: 15 daa. Området er dyrka mark, flatt og lett å opparbeide. Planstatus: Noverande industri, men ikkje regulert. Infrastruktur: 1 km med 1-feltsveg fram til Fv. 53. Vatn: Ikkje tilgang til offentleg vatn. Energитilgang: Føresetnad for god tilgang.

3.3 Grendene – Naddvik/Vikadalen og Offerdalen

I kommunen er det meste av busetnaden lokalisert i tettstadane. I grendene er det eit spreidd utbyggingsmønster som kommunen ønskjer å vidareføre og vidareutvikle, samt bygge opp om og stimulere til vidare næringsutvikling.

Arealbruken i kommuneplanen er ei direkte vidareføring av arealbruken i kommunedelplanen for Naddvik/Vikadalen frå 1997. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen vert det vurdert kva rolle/funksjon Naddvik/Vikadalen skal ha for Årdal og regionen Sogn. Måla og utviklingsstrategiane som vert innarbeidd i samfunnsdelen, vil vere utgangspunktet for nærmare vurdering av arealbruk i Naddvik/Vikadalen. I arbeidet med utvikling er det eit særskilt behov for å legge til rette for involvering av dei lokale landbruksstyresmaktene og innbyggjarane i arbeidet med arealbruksløyising.

I Offerdalen og Indre Offerdalen er dei stadeigne kvalitetane trygga. Arealbruksutfordringane er avgrensa og føresett løyst gjennom handsaming av enkeltsaker.

3.4 Fjellområda – berekraftig utvikling av hytte- og fritidstilbodet

Det er vel 500 fritidsbustader i kommune. Dei fleste er sett opp på Tyin, men det er òg sett opp fritidsbustader på Seimsåsen og i Fardalen. I Fardalen og på Seimsåsen er det lagt til rette for hyttebygging ved dei etablerte skianlegga, medan utbygginga på Tyin er knytt til dei stadeigne kvalitetane i fjellet.


Kommunen ynskjer å jobbe for å auke bruken, samt å legge til rette for vidare hyttebygging/fritidsbruk, på ein miljømessig og berekraftig måte der samanhengande urørte områder vert teke vare på.

Kommunen ynskjer å stimulere til auka bruk samt berekraftig og miljømessig bruk, gjennom:


- Sletterust og Mannsberg: Vidare utvikling av hytte-/fritidsproduktet der det vert lagt til rette for meir bruk gjennom heva standard og etablering av moderne infrastruktur samt «nytt» hovudutviklingsområde innanfor områda som delvis er bygd ut, på til saman mellom 150 og 200 einingar.
- Seimsåsen: Re-planlegging av området for avklaring av arealbruken opp mot naturkvalitetane i området.
- Fardalen: Planprosessen vil verte nytta for å få avklart om det er behov for å utarbeide eiga utviklingsplan fram mot neste revisjon av arealdelen, der funksjonen til området og rammene for vidare utvikling vert vurdert.



Figur 3.5: Fritids-/aktivitetsområde på Seimsåsen.




Figur 3.6: Utviklingsområda for hyttebygging i Tyedalen ved Holsbru og Mannsbergi.



Figur 3.7: Fritids-/aktivitetsområde i Fardalen med skianlegg og spreidd hyttebygging

3.5 Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttig formål

Det er planlagt arbeid med utbetring av fleire tunnelar i Årdal. Samla vil arbeidet gje eit masseoverskot på mellom 200.000 m³ og 300.000 m³. Kommunen er oppteken av at massane vert nytta til samfunnsnyttige formål, og skal vurdere 3 alternative deponi som grunnlag for avsetting av areal til deponi i arealdelen til kommuneplanen og seinare regulere valt område.



Figur 3.8: Oversiktskart som syner alternativa som skal vurderast.

Tabell 3.8: Areal som skal vurderast med gjennomgang av noverande bruk og planstatus.

Område	Namn	Kommentarar
1	Loi/Hjerteviki	Areala på land er regulert til kombinert trafikk-/friområde og friområde, medan områda i vatnet er regulert til spesialområde i vatn. Av føresegnene går det fram at det kan fyllast ut i vatnet for å fremje formålet med planen. På Loi er det skytebane, kraftanlegg og regulert næringsområde.
2	Læg Reidvassbugen	Areala på land er regulert til naust, veg og friområde. Vatnet er i kommuneplanen sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag. Avlaupsleidning mellom Farnes og Årdalstangen er lagt i djupålen. Det vert teke ut prosessvatn frå vatnet. Sør for fylkesvegen er det etablert bustadområde.
3	Meieriparken	Arealet på land og delvis ut i fjorden er sett av til friområde/park og friområde i vatn/sjø, samt trafikkområde i sjø.

I tillegg vert det jobba med planer for etablering av kraftanlegg i Offerdalen og Fardalen som vil gje masseoverskot. Landdeponia er konsekvensutgreia gjennom konsesjonshandsaminga. Tippene vil verte sett av til område for uttak slik at massane seinare kan nyttast til samfunnsnyttige formål. I tillegg vil dei to tippene langs Fv. 53 ved Holsbru og Biskopsvatn verte sett av til uttak. Uttak frå tippene reiser ikkje vesentlege overordna/vedtaksrelevante spørsmål som krev arealbruksavklaring. Detaljar knytt til tilkomst/uttak og tryggleik vert avklart gjennom uttaks-/istandsettingsplan som er føreset å følgje ved handsaming av reguleringsplan for uttaka.

Som ein del av arbeidet vil det vere naturleg å gjennomgå status for lausmasseførekostane i kommunen.

3.6 Naturbasert sårbarheit

Informasjon i nasjonale databasar syner at store område er sett av som aktsemdområde og er sårbare for skred og flaum. I tillegg ligg det meste av utbyggingsarealet under marin grense der kunnskapen om stabilitet er mangelfull.

Kommunen har sidan tidleg på 1950-talet jobba aktivt med kartlegging av skredutsette område, samt sikring. Mange område er sikra for skred og flaum. Nye myndigheitskrav og forventa klimaendringar gjer at fleire område må kartleggast på nytt, samtidig som sikringstiltak må forsterkast og nye område må sikrast.



Figur 3.9: Oversiktskart over dei etablerte skredsikringstiltaka som er gjennomført på Årdalstangen, i Seimsdalen, Øvre Årdal og Utladalen.

I 2012/13 kartla NVE både faren for flaum og skred. Store område er dekt opp med faresoner i forhold til flaum og skred. I tillegg har NVE å starte eige arbeid med å førebu kartlegging av utbyggingsområde som manglar faresoner. Arbeidet vil verte gjennomført i 2022/23. Dette er arbeid som vil pågå uavhengig av arbeidet med revisjon av kommuneplanen. I tillegg vil det i kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik verte jobba med å identifisere område kor det kan vere utfordrande grunntilhøve.

3.7 Samanhengen mellom areal- og utbyggingspolitikken til kommunen

I arealdelen er det innarbeidd eit eige kapittel om utbyggingspolitikken til kommunen. Dette vart følgt opp med eige vedtak om bruk av utbyggingsavtale i 2016. Med utgangspunkt i utfordringane kommunen står over i forhold til vidare utvikling av kommunen som bu-, arbeids- og besøkskommune vil det kunne vere behov for å vurdere vedtaket som vart gjort i 2016. Det inneber at kommunen må vurdere om det er

naudsynt å gjere eit nytt/juster vedtak etter § 17-2 i plan- og bygningslova om føresetnader for bruk av utbyggingsavtaler. Formålet er å sikre at kommunen sine føresetnader for gjennomføring av utbygging er kjent for grunneigarar og utbyggjarar.

I tillegg vil det vere naturleg å sjå på om det er behov for å vurdere kva tiltak som skal møtast med krav om reguleringsplan/jordlovhandsaming, behov for rekkefølgeføresegner/vilkår, samt gå gjennom dei generelle krava i føresegnene knytt til uteopphaldsareal/parkar/leikeplassar, parkering og skilt. Det er eit mål å unngå unødvending handsaming av saker som i praksis er avklart. Det gjeld t.d. unødvendig jordlovhandsaming ved «frådeling» av festetomter i LNF-område for spreidd utbygging.

3.8 «Oppdukkande» prosjekt

Kommunen har ein overordna kommuneplan. Arbeid med enkeltsaker og spesielt saker som er knytt opp mot næringsutvikling har avdekt at det er naudsynt med tilpassingar, utan at ein nødvendigvis må revidere kommuneplanen. I 2016 vart det trekt opp føringar for korleis slike saker skal handsamast av kommunen. Bakgrunnen for vedtaket var at Årdal kommune og Årdal Utvikling AS fekk spørsmål/var i kontakt med brukarar som ynskte å ta i bruk nytt areal til utbygging og/eller justere grenser mellom formål. Ofte er det omdisponert areal der ein ønskjer å endre arealbruken til anna utbyggingsformål. Enkelte førespurnader er konkrete, medan andre har meir karakter av ynskje om å legge til rette for endra bruk.

Dette er saker som normalt vert handsama etter føresegnene om oppstart av planarbeid etter § 12-8 i plan- og bygningslova. Gjennom vedtaket vart forventningane til slike førespurnader tydeleggjort. Vedtaket vart gjort for å gjere rettleiingsarbeidet til kommunen og Årdal Utvikling meir forutsigbart. Formålet er å trygge at kommunen er tydleg ved rettleiing, samtidig som ein gjer handsaminga av slike saker meir tidseffektiv. Strategien konkretiserer i praksis krav som vart teke inn i § 12-8 i plan- og bygningslova i 2017. Vedtaket pålegg kommunedirektøren å vurdere næringspotensialet på lik linje med miljø og arealbruk i slike saker. Det inneber at ein får eit vedtaksgrunnlag tilpassa behovet i Årdal både for utvikling i grendene, fjellet og tettstadene.

4 Innhaldet i revidert kommuneplan

Kommuneplanen har ei utforming og detaljgrad som gjer den til eit politisk styringsverktøy som stakar ut utviklingsstrategiar. Samtidig er det store utbygde område utan plan eller med planar som er mellom 10 og 50 år gamle. For desse områda er det innarbeidd føringar som gjer at «normale» saker med avklara arealbruk kan handsamast utan ny plan. Større tiltak føreset reguleringsplan som grunnlag for søknad om gjennomføring av tiltak.

Revidert plan vert basert på innhald, detaljgrad og oppbygging av vedteken plan, men med tilpassa utviklingsstrategiar, planføresegner til endra utviklingsstrategiar i samfunnsdelen, samt justeringar innanfor utvalde område. I tillegg skal faresoner justerast med ny kunnskap.

Endringar innfor prioriterte områder:

- Justeringar innanfor næringsområda og sentrums-/tettstadorområda
- Utvikling av fritids-/hytteprosjekt med fokus på Seimsåsen og Tyedalen
- Utvikling av framtidig arealbruk i Naddvik/Vikadalen med utgangspunkt i dei utvikingsmål innarbeidd i revidert samfunnsdel
- Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttige formål
- Areal- og utbyggingspolitikken til kommunen

Dei justerte utviklingsstrategiane, retting av feil/manglar, samt tilpassing av planføresegnene er føresett isolert ikkje å få vesentlege verknadar. Det er endringar som ikkje vil verte særskilt utgreia, utan at det vert avdekt at dei konkrete endringane vil kunne få vesentlege verknadar.

4.1 Nasjonalparkkommunen Årdal - velfungerande, attraktive og næringsvenlege tettstader og grender

Årdal kommune har innarbeidd verneområda med omsynssoner i kommuneplanen. Merkevara Norges nasjonalparkar skal bidra til å auke bruken på ein berekraftig måte. Fokusområda er verdiskaping (økonomisk, kulturell, sosial og miljømessig), forvalte tilreisande og styrke vernet. Kommunen skal aktivt legge til rette for tilreisande som vil oppleve nasjonalparken og områda rundt, og har forplikta seg til å ta vare på dei natur- og verneverdiane som er knytt til desse områda. Vidare oppfølging vil verte ivareteke med utgangspunkt i mål/strategiar nedfelt i samfunnsdelen, handlingsplanar og den daglege forvaltninga.

Funksjonsdelinga mellom Årdalstangen og Farnes skal vidareførast, med utviklingsstrategiar som bygger opp om utviklingsmål i kommuneplanen, behov for areal til næring og tenesteyting, samt omsynet til miljø og berekraft.

4.2 Justeringar innanfor sentrums-/tettstadorområda og næringsareal

Utviklingsstrategiane i planen skal tilpassast mål og strategiar som vert nedfelt i samfunnsdelen. På Årdalstangen skal det leggst til rette for oppføring av ny bygningsmasse for helse og omsorg. I Seimsdalen skal kommunen vurdere arealbruken på Årebru. I tillegg skal det gjerast rettingar og leggst ut areal som er omdisponert gjennom vedtekne reguleringsplanar.

4.3 Utvikling av fritids-/hytteproduktet med fokus på Seimsåsen og Tydedalen

På Seimsåsen er det etablert lysløype og lagt til rette for etablering av alpinanlegg. Kring skiløypa er det opna for utvikling av tre hytteområde. Det er registrert naturkvalitetar som grunnlag for å vidareutvikle fritidstilbodet. For å legge til rette for vidare hyttebygging er det behov for re-planlegging av området.

På Tyin ynskjer kommunen å jobbe for å auke bruken, samt legge til rette for vidare hyttebygging/fritidsbruk, på ein miljømessig og berekraftig måte der samanhengande urørte område vert teke vare på.

Som grunnlag for det vidare arbeidet skal det utarbeidast utviklingsplan for:

- Seimsåsen, med fokus på utvikling av aktivitetstilbodet og vidareføring av potensialet for hyttebygging.
- Tyin, med fokus på auka bruk og etablering av område for vidare hyttebygging, innanfor område prega av utbygging (fortetting/utfylling av ledig areal).

I arbeidet med utarbeiding av utviklingsplan skal den framtidige arealbruken i minst mogleg grad skape nye problemsoner. Ei problemsone er eit område med sideareal kor eitt eller fleire av gitte miljøkrav, t.d. landskaps-/tettstadsbilde, naturressursar, naturmangfald, nærmiljø/friluftsliv, kulturmiljø eller miljø/forureining/fare/stabilitet/infrastruktur/tilgjenge, ikkje er tilfredsstillt. Gjennom arbeidet skal naturmangfaldet kartleggast av fagkunnig. Fokus for kartleggingsarbeidet vil verte avklart med Statsforvaltaren. Avbøtande tiltak skal vurderast.

4.4 Grenda – Naddvik/Vikadalen

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen vert funksjonen til Naddvik/Vikadalen nærmare vurdert. Med utgangspunkt i avklaringar som vert gjort i samfunnsdelen skal kommunen involvere innbyggjarane i arbeidet med utforming av rammer for vidare utvikling. I arbeidet med utarbeiding av utviklingsplanen skal den framtidige arealbruken bygge opp om utviklingsmål i kommuneplanen og i minst mogleg grad skape nye problemsoner.

4.5 Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttig formål

Målet er å komme fram til minst eit deponi der overskotsmassane vert nytta til samfunnsnyttig formål. Dette gjeld i fyrste rekke i forhold til arealutvikling, tettstadutvikling, tilgjenge og miljø.

Valt deponi skal i minst mogleg grad skape nye problemsoner. Gjennom vurderinga av stabilitet/geotekniske tilhøve skal skilnaden og uvisse knytt til grunn for dei ulike alternativa klargjerast.

Følgjande alternativ skal vurderast:

- Loi/Hjerteviki
- Lægreidvassbugen
- Meieriparken

Alternativvurderinga skal for tilrådd(e) alternativ;

- klargjere tekniske føresetnadar som utforming/volum/tilgjenge og etterbruk,
- klargjere utfordringar knytt til grunntilhøve/stabilitet
- vurdere ev. avbøtande/risikoreduserande tiltak

Det er konsesjonshandsama gjennom kraftprosjekt og veganlegg etablert ei rekke nye lett tilgjengelege tippar langs vegar, der kommunen ynskjer å legge til rette for at massane kan nyttas til samfunnsnyttige formål. Bruk av fleire av desse reiser ikkje vesentlege nye utfordringar knytt til miljø og samfunn som krev utgreiing gjennom arbeidet med kommuneplanen. Kommunen vil gjennom arbeidet vurdere kva tipp(ar) som ev. kan leggest til rette for uttak.

4.6 Areal- og utbyggingspolitikken til kommunen

Kommunen har i perioden frå 2012 og fram til dag gjort vedtak om bruk av utbyggingsavtale etter § 17-2 i plan- og bygningslova. I tillegg har kommunen gjennom vedtak klargjort føringar for korleis sokalla «oppdukkande» prosjekt skal innarbeidast for å trygge føreseielege prosessar fram til det er avklart om forslagsstillar kan gå vidare med planarbeid. Innhald, erfaringar med desse vedtaka vil verte gjennomgått og innarbeidd i revidert kommuneplan. Innarbeiding vil ikkje føre til nye vesentlege verknader som må utgreiast.

I tillegg vil det vere naturleg å sjå på om det er behov for å vurdere kva tiltak som skal møtast med krav om reguleringsplan/jordlovhandsaming, behov for rekkefølgeføresegner/vilkår, samt gå gjennom dei generelle krava i føresegnene knytt til uteopphaldsareal/parkar/leikeplassar, parkering og skilt.

4.7 Konsekvensutgreiing

Arbeidet er 2-delt der; (1) noverande arealbruk vert vurdert opp mot overordna mål og føringar som grunnlag for vurdering av ev. tilbakeføring av areal til landbruks-, natur- og friluftsområde eller tilpassingar gjennom føresegner, medan (2) den framtidige bruken vert konsekvensutgreia i samsvar med prinsippa i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Det er den delen av kommuneplanen som fastset rammer for framtidig utvikling og inneber endringar i høve til gjeldande plan, som skal konsekvensutgreiast. Grunnlaget for vurderinga av konsekvensar er dagens situasjon der det vert teke omsyn til venta klimaendringar med utgangspunkt i nyaste klimaprofil for fylket. Dagens situasjon vert definert som noverande planavklart og faktisk arealbruk. I vurderinga skal overordna verknadar vurderast. Spørsmål og vurderingar som naturleg høyrer heime på seinare plannivå, vert ikkje teke med i konsekvensutgreiinga av den endra arealbruken i kommuneplanen.

Gjennom vurderinga skal det takast utgangspunkt i framgangsmåten som ein finn i Direktoratet for Miljøforvaltning sin nye rettleiar på nett og Statens vegvesen si handbok V712, tilpassa plannivået og utfordringane innanfor planområdet.


Konsekvensutgreiinga skal:

- klargjere konsekvensane av dei ulike endringane/alternativa på ein systematisk måte i samsvar med prinsippa som er klarlagt i fastsett planprogram, og
- klargjere kor sårbare framtidige område er for uynskte hendingar i samsvar med DSB sine rettleiarar og hovudprinsippa i NS 5814.

Det vert lagt opp til å skilje mellom konsekvensar der ein søkjer å (1) klargjere kor store verknadene vert **for enkeltområde/samla** og (2) konsekvensar der det vert vurdert om planendringane **samla** får positive eller negative verknader i høve verknadstema, sjå figuren under.

Som ein del av arbeidet vil fokus for dei ulike utgreiingane verte drøfta med respektive fagmynde. Arbeidet vil verte basert på føreliggande kunnskap tilgjengeleg i nasjonale databasar med stadfesta informasjon.

Unntaket er vurderingane knytt til naturmangfald, der kunnskapsgrunnlaget er føresettt supplert som utgangspunkt for endra arealbruk på Seimsåsen, Tyedalen og Årdalsfjorden/Årdalsvatnet.



Konsekvensutgreiing vil i høve naturmangfald, kulturmiljø og landskap, naturressursar samt nærmiljø og friluftsliv gjort i fasar:

1. Verdivurdering; ei vurdering av området sin verdi med utgangspunkt i på førehand definerte kriterium
2. Omfang; ei vurdering av endringa/påverknad endringa medfører
3. Konsekvens; ei samla vurdering av verdi og omfang

ROS-metodikken vert tilpassa analyseobjektet(arealet), detaljgrada i datagrunnlaget og stadsspesifikke tilhøve. Analysen vert utarbeidd med utgangspunkt i framgangsmåten og anbefalingane i rettleiaren til Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB), samt NS 5814 om risikoanalyser.

Samanstillinga av konsekvensane vil vere grunnlaget for tilråding i høve framtidig arealbruk og eventuelle krav om avbøtande tiltak/risikoreduserande tiltak.

Avbøtande tiltak og tiltak som vil gjere område mindre sårbart for hendingar, vil verte vurdert og foreslått der det er fagleg grunnlag for det.

5 Medverknad/høyring og framdrift

Formannskapet i Årdal kommune er styringsgruppe for planarbeidet, medan Utval for tekniske tenester og samfunnstryggleik er arbeidsgruppe. Revidert plan skal vedtakast av kommunestyret

Planprogrammet og sjølve planframlegget vert lagt ut for høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden for planprogrammet er på minst 6 veker. I samband med høyringa av planprogrammet kan framlegg til planprogram verte teke opp som tema i regionalt planforum.

Planprogrammet vert kunngjort i avisa Sogn Avis. I tillegg vert planprogrammet lagt ut på internettadressa www.ardal.kommune.no under «Kunngjeringar og offentleg ettersyn» samt på biblioteket og i rådhuset.

I samband med utarbeiding av planprogrammet har det vore dialog med Årdal Utvikling AS, grunneigarane i Tyedalen og Seimsdalen. I tillegg vert det lagt opp til arbeidsmøte i Vikadalen/Naddvik når det i gjennom arbeidet med samfunnsdelen er teke stilling til kva rolle grenda skal ha i framtida.

Utval for tekniske tenester og samfunnstryggleik vil i tillegg stille opp i ulike forum for å informere og hente inn supplerande informasjon om ev. behov for tilpassingar. Dette vil vere forum som t.d. eldrerådet, ungdomsrådet, rådet for funksjonshemma og næringsssamskipnaden.

På bakgrunn av framlegg til planprogram og innkomne merknader skal Årdal kommune fastsetje planprogrammet. Fastsett planprogram vert lagt ut på internettadressa www.ardal.kommune.no under «Kunngjeringar og offentleg ettersyn».

Dersom statlege eller regionale styresmakter på grunnlag av framlegget til planprogram vurderer at tiltaket kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette komme fram av deira uttaler.

Etter at planprogrammet er fastsett, vil vidare innsyn og høve til å påverke planarbeidet i hovudsak vere knytt til høyring/offentleg ettersyn, slik dette er nedfelt i plan- og bygningslova.

Gjennom prosessen med handsaming av planframlegget med tilhøyrande konsekvensutgreiing, vil det vere ein open prosess som følgjer dei ordinære handsamingsrutinane i plan- og bygningslova.

Tabell 5.1: Fasar og tidsplan for planprosessen.

Vinter 2021	Politisk handsaming av planprogram og oppstart av planarbeidet Årdal kommune varslar oppstart av planarbeidet og legg framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn. Etter høyring fastset kommunen planprogrammet.
Haust/vinter 2021/2022	Utarbeiding av konsekvensutgreiing og planframlegg På bakgrunn av fastsett planprogram vert det utarbeidd konsekvensutgreiing og framlegg til kommuneplan.
Vår 2022	Handsaming av kommuneplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing Kommunen legg kommuneplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn. Basert på mottekne merknader til planframlegget vedtek kommunen kommuneplanen.